

Austrheim kommune
Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM

Dato	24.04.2026
Vår referanse	2024/27166-18
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Eva Kristin Svidal
E-post	Eva.Kristin.Svidal@vlfk.no
Telefon	47481181

Som Vestland fylkeskommune må også kommunane ta kulturansvar

Fråsegn frå hovudutval for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune til kommunestyra i Vestland fylke

Hovudutval for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune vedtok i møte 16.04.26 å sende følgjande fråsegn til kommunestyra i Vestland:

Vestland fylkeskommune har ei målretta satsing på kultur, idrett og inkludering. Dei åra fylket har eksistert, har Vestland auka budsjetttrammene til sektoren monaleg, samstundes som vi omstiller og forenkler for å få mest mogleg att for budsjettmidlane. Vår ambisjon er å ta ei tydeleg rolle som det leiande kulturfylket i landet.

Kulturfylket Vestland er ikkje anna enn summen av aktørar og lokalsamfunn rundt om i heile fylket. Å løfte desse er på ulikt vis eit sams ansvar for staten, fylkeskommunen, kommunane, private bidragsytarar, stiftingar mv. Den sektoren som hovudutval for kultur, idrett og inkludering har ansvar for treng fleire finansielle bein å stå på. Om eitt av dei blir vesentleg korta ned, eller forsvinn heilt, kan heile samfinansieringsmodellen vakle eller kvelve heilt over ende.

Hovudutval for kultur, idrett og inkludering konstaterer at fleire kommunar i Vestland har kutta i støtta til aktørar som er samfinansierte av kommune og fylkeskommunen mv. Aktørar melder til oss at bortfall av kommunal støtte gjer at dei i større grad må vende seg til fylkeskommunen for å sikre vidare drift. I vår budsjett høyring hausten 2025 sa fleire nye aktørar at dei søkte midlar frå fylkeskommunen, til det vi vurderer som utprega lokale kulturtiltak utan regional funksjon, berre fordi det kommunale bidraget var redusert.

Sjølv om fylkeskommunen sine budsjetttrammer for det utvida kulturfeltet er styrka, så opplever også Vestland fylkeskommune eit stort behov for omstilling og at rammer ikkje strekker til behovet. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering oppmodar kommunane om å ikkje redusere kulturbudsjetta sine (enten det er til kulturskule, driftstilskot til eksterne aktørar eller anna) og heller ser på korleis det utvida kulturfeltet bygger samfunn i stort og smått, og der tilskot til kultur, idrett og inkludering snarare er god samfunnsøkonomi.

Hovudutval for kultur, idrett og inkludering ser det som viktig at alle kommunane tek sin del av ansvaret for kulturfeltet og ikkje gjer dette til ein salderingspost. Dersom kommunane kuttar i denne sektoren vil det kunne påverke det fylkeskommunale bidraget i dei respektive kommunane på kulturfeltet.

Med helsing

Jacob Nødseth
leiar hovudutval for kultur, idrett og inkludering

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift